

EITT ÅR TIL KOMMUNEVALET



LOKAL MOTSTAND: I februar i fjor stilte fem Uggdal skule-forkjemparar seg opp framfor rådhuset med tydelege bodskap då politikarane var på veg til formannskapsmøtet. Høgre og Senterpartiet gjekk likevel inn for sitt tidlegare standpunkt, å flytta småskulen på Reiso til Gjerstad. (Arkivfoto: Øyvind Bjerkestrand)

– Folkeleg mobilisering og protest kan gi overraskande utfall

Søndag er det nøyaktig 365 dagar til kommune- og fylkestingsvalet. Me har spurt ein av Noregs fremste valforskjarar om kva han trur vil prega lokalval-kampen neste år.

Helen Frøysteth
helen@tysnesbladet.no

Protest, mobilisering og høg valdeltaking prega lokalvallet i 2019. Saker som bompenningar, klima og kommunereform skapte oppheita debatt i norske kommunar, og konsekvensane forplanta seg også til den nasjonale politikken.

Kva saker som vil prega debatten i neste års lokalval er vanskleg å spå, men nokre tankar har likevel valforskjar Johannes Bergh ved Institutt for samfunnsvitenskapene.

– No er det enno eitt år til valet, og mykje kan skje. Det vil heilt sikkert dukka opp saker i valet om eit år som me ikkje har tenkt på i dag. Hugs berre lokalvalet i 2019, der bompenningar vart viktig, innleiar Bergh, og held fram:

– Eg tenker at straumprisar og energiprisar vil vera viktige saker, så lenge ein ikkje har funne nok løysing. Her ligg det nok et potensiale til litt folkeleg mobilisering og protest som kan gi overraskande utfall. Det vert interessant å

sjå, seier Bergh.

Lokale saker kan påverka

I ein lokalvalkamp vil det alltid vera lokale saker som kan koma til å prega valkampen.

– Det ligg i politikken og demokratiet sin natur at det som er viktigast for folk, det dei er opptekne av, pregar debatten. Slik skal det vera. Eg er svært interessert i framveksten av folkeleg protest av ulike slag, det er noko som har vist seg å ha ei betydning i lokalpolitikken. Folkeleg sinne og protest lokalt kan av og til få litt overraskende konsekvensar i valet, fortel Bergh, og nemner skulestruktursaka, Hordfast og det moglegje bortfallet av fritt behandlingsval som potensielle saker på Tysnes som kan skapa både protest og mobilisering.

– Er det noko som påverkar arbeidsplassar lokalt, som til dømes bortfallet av fritt behandlingsval og nedlegging av arbeidsplassar, vil det absolutt kunne påverka lokalvalkampen og setta Ap og Sp sine representantar lokalt i ein skvis. Det vert ein vanskleg situasjon for dei, og ei vinnarsak for Høgre, trur Bergh.

Bygginga av Hordfast kan og påverka lokalvalet.

– Det høyst sannsynleg ut at ein lokal motstand mot vegbygging kan gjera det mogleg for SV å mobilisera. Klima og miljø interesserer store delar av befolkninga, og er viktig

for mange veljarar i både by og distrikt, og særleg dei unge, seier Bergh.

Men det kan også bli for mykje konflikt.

– Til dømes kan rivalisering mellom to bygder forus- debatten og gjera det vanskeleg for samarbeid i andre saker. Politikarane må vera ansvarlege og debattera sakleg, legg Bergh til.

Regjeringspartia påverkar

Om ikkje Tysnes vil få besök av statsminister Jonas Gahr Store (Ap) og finansminister Trygve Slagsvold Vedum (Sp) under valkampen neste år, vil det vera mange andre kommunar som kan ta imot dei to politikartoppane.

– Det vil vera litt fokus på regjeringspartia lokalsamfunnet, med ein tredjeplass på nominasjonslista til Vestland Høgre, samstundes som han ynskjer å haldra fram i politikk-parten på Tysnes, utan ordførar-kjedet rundt halsen.

– At ein politikar sit både i kommunestyret og på fylket er ikkje uvante. Eg vil tru at han har kommunen sine interesser med seg når han sit på fylkestinget, og at han kan vera ei sterkt stemme for kommunen, kommenterer Bergh.

Kan bli vansklegare for Høgre

Tysnes har hatt Høgre-ordførar i to periodar, og partiet gjekk frå ein oppslutnad på 20-30 prosent i lokalvalet i

2015, til ein oppslutnad på om lag 40 prosent i 2019.

– Kva tenker du om evna til å halda på den sterke posisjonen til neste års val, når sjølje ordførar seier han ikkje tek attval?

– Generelt høyst det ut som han har vore ein populær ordførar som har gjort ein god jobb, og som har ført til at partiet ved sisto lokalval gjet eit mykje betre val på Tysnes enn landet generelt. Om populariteten berre skuldast ordføraren i seg sjølv, kan ein forventa at det vert vanskleg å gjenta valresultatet frå sist val, trur Bergh.

Ei sterkt stemme på fylket

Ordførar Kåre Martin Kleppe er no på veg inn i fylkespolitikken, med ein tredjeplass på nominasjonslista til Vestland Høgre, samstundes som han ynskjer å haldra fram i politikk-parten på Tysnes, utan ordførarkjedet rundt halsen.

– At ein politikar sit både i kommunestyret og på fylket er ikkje uvante. Eg vil tru at han

har kommunen sine interesser med seg når han sit på fylkestinget, og at han kan vera ei sterkt stemme for kommunen, kommenterer Bergh.

Stemmer folk likt på fylkesvalet og kommunevalet?

– Ja, dei fleste, ca 70 prosent stemmer likt. I nokre av tilfella har ein ikkje dei same partia å stemma på begge stader, og det vil jo spela inn, men det store

fleiretalet stemmer likt.

Unge menn stemmer minst

Sjølv er han spent på om valdeltakinga til unge, mannlige veljarar framleis vil vera låg ved neste års val.

– Eg er interessert i valdeltakinga, om folk vil delta og kven som stemmer og ikkje stemmer. Me veit at unge mannlige veljarar deltek mindre enn andre i valet. Det blir spennande å sjå om den trennen held fram eller ikkje, seier han.

Bergh peikar og på den vidaregåande skulen som ein viktig faktor for unge sitt forhold til politikk og valdeltaking.

– Dei har skuleval på vidaregåande, og undervisninga handlar litt om lokalpolitikken. Det er eit minus at unge på Tysnes går på vidaregåande i andre kommunar, for då vil dei kanskje ikkje få eit så tett forhold til sin lokalpolitikk. Me veit jo at unge som pendlar og flyttar til andre stader for å studera er mindre tilbøyelige til å stemma, fortel Bergh.

Gjer valforskaren seg til valet neste år?

– Ja, det gjer eg absolutt! Eg synest alltid det er morosamt med val, og følger med og samlar inn data om veljarane som me ved Institutt for samfunnsvitenskapene skal studera etter valet.